



Musikklaget under konsert på Stemnepllassen på forsommaren 2014

**Tirsdag 24. mars vert det truleg retteleg trivleg i Helgheim. Denne kvelden legg ungdomslaget og musikklaget opp ei skikkeleg kosestund i god, gammal Helgheims-ånd. Det vert variert program og servering av kaffi og tilhøyrande. Alt i ein uhøgtideleg atmosfære. Dei håpar på godt frammøte for dette passar for eit publikum av breitt aldersspekter.**

Frå Herøysundet kjem John Tveit Skogtun. Han er kjent som glødande interessert i lokalhistorie, og dessutan har han ein humoristisk og god penn. Denne kvelden får publikum høyra han lesa sjølvskrivne og sjølvopplevde hendingar med tilknytning til Uskedalen frå først i 1950-åra då John berre var 4-5 år gammal. Han var mykje på besøk hos slekt her i bygda, mellom anna var Marit og Reidar Musland, tante og onkel hans. Vi gleder oss til å høyra om dette framstilt på John T. Skogtun sin morosame måte.

Medarrangørane i musikklaget presenterer publikumsvennleg musikk. Her vert det både Prøysen og Evert Taube, valsar og marsjar, tyrolermusikk og anna. Ekstra sprut vert det nok av den tilårskomne gjengen denne kvelden sidan det er første gong dei opptrer med den nye slagverkaren sin.

Kristian Bringedal vert sentral i programmet. Allsong skaper stemning, dette kan Kristian som sjølvsagt stiller med trekkspelet sitt. Om han får andre hjelparar, får visa seg etter kvart. Kristian skal også leia utloddinga, og då veit vi frå tidlegare at det kan verta både kontrollerte og ukontrollerte trekningar. Underhaldande vert det i alle fall!

Sølvsagt vert det også tid til kaffi og god drøs. Serveringa syter ungdomslaget for. Set av denne kvelden, for dette vert nok ein svært så koseleg tirsdagskveld.



God allsong skaper stemning! Her frå allsong i sjøkanten med Kristian og Reidar sist sommar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Arkivfoto: Ola Matti Mathisen.